

FYLKESLANDBRUKSKONTORET
 I HORDALAND
 Jnr. 00000 12.12.88
 Sakst.:
 Saksnr.:
 Sakshandlar/sak

Landbruksnemnda I Osterøy.		Fylkeslandbruksstyre	
Møte Fullmaktssak	Sak 12538810059000	Møte 13.88	Sak
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Sakshandlar/sak

Søknad om fradeling av parsell(er) da
 Søknad om omdisponering av ..Midlertidig omdisponering.. parsell(er) da
 fra eiendommenVevletveit.....

G.nr. 6	B.nr. 1	Kommune Osterøy.
------------	------------	---------------------

Eier(e) Olav Vevletveit	Adresse 5240 Valestrandsfossen
----------------------------	-----------------------------------

Kjøper(e)	Adresse
-----------	---------

Areal- oppgave	Bruket	Arealklassi- fisering		Parsell(ene)	Arealklassi- fisering	
		A	B		A	B
Fulldyrket	60 da	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> da	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Overflatedyrket/gjødset beite	55 da		 da		
Prod.skog/plantemark da		 da		
Annet areal	111 da		 da		
Areal i alt	226 da		 da		
Dyrkbart til fulldyrk. da	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> da	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Bruks- måte	Bruket er:	<input checked="" type="checkbox"/> Familiebruk	<input type="checkbox"/> Støttebruk	<input type="checkbox"/> Ikke jordbruk	<input type="checkbox"/> Bortleid
	Bruket ligger i et område med:	<input checked="" type="checkbox"/> Middels gode jordbruksvilkår	<input type="checkbox"/> Dårlige jordbruksvilkår	<input type="checkbox"/> Gode jordbruksvilkår	<input type="checkbox"/> Nedgang i folketallet

Formålet med frad./ omdisp.	<input type="checkbox"/> Skogplanting	<input type="checkbox"/> Boligformål	<input type="checkbox"/> Hytte/fritidshus
	<input type="checkbox"/> Tilleggsjord	<input type="checkbox"/> Industri ol.	<input type="checkbox"/> Kirke, skole, helse, idrett ol.
	<input type="checkbox"/> Tilleggsskog	<input type="checkbox"/> Veger/samferdsel	<input type="checkbox"/> Andre formål

**Saks-
utredning**

Søknaden gjeld plasering av eit Steinknuseverk på eiendomen i 8-9 år, for knusing og salg av singel.

05.12.88. gav landbrukskontoret ein uttale om etablering av Steinknuseverk på gr,nr,6/1. (uttalen ligg ved)

09.12.88. mottok l.br.k. ein framdriftsplan for arbeidet, og kopi av søknad til fylkesmannen om etablering av knuseverket på garden i 8-9 år.

Saka var referert på møte 06.12.88. og landbruksnemda var på staden i samband med ei anna sak.

Framdriftsplanen og karte som ligg ved saka, visar korleis arbeidet skal utførast, og område etterkvart førast attende til jordbruksland.

Sign. (Lbn.)	Sign. (Flst.)	Utskrift sendt til: -2 Hordaland fylkeslandbruksk. Osterøy kommune, teknisk etat. Olav Vevletveit. Magnus Tyssébøth.
--------------	---------------	---

30.000. 4.85. e.s. trykt-Oslo

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
Møte	Sak	Møte	Sak
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak

Landbrukskontoret vil peika på at område nord for R.V.567. er delvis grunnlent, med myr millom knausane. Myrområde som er merka med 6. er svært blaut og ligg lavt i høve til Borgavatnet. Område millom veien og vatnet er delvis dyrka. Område sør for veien er gjødsla beite.

Landbrukskontoret vil setta som krav at det ikkje skal førast bort jord frå eigedomen, og at landbrukskontoret skal godkjenna område etter kvart det er ferdig til såing.

Landbrukskontoret vil tilrå dette tiltaket, og meiner det til god nytte for gardsdrifta.

Lonevåg 14.12.88

O. Totland

Sign. (Lbn.)	Sign. (Fl.st.)	Utskrift sendt til:
Oddm. Totland LANDBRUKSKONTORET Jordbruksetaten i Osterøy		

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
Møte	Sak	Møte - 1. 3. 89	Sak
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak

FYLKESLANDBRUKSSTYRET
SB

SØKNAD OM ETABLERING AV STEINKNUSEVERK PÅ GNR. 6. BNR. 1 I
OSTERØY

Ingen av styremedlemmene sa seg ugilde.

Dokumentliste:

1. Fullmaktssak ved Osterøy landbrukskontor dagsett. 14.12.88.
2. Søknad om etablering av knuseverk dagsett 22.11.88.
3. Framdriftsplan ved Magnus Tyssebotn og Olav Vevletveit dagsett 8.12.88.
4. Kart M 1:5000

Fylkeslandbrukssjefen si fråsegn:

Fylkeslandbrukssjefen syner til vedlagte kopi av framdriftsplan for drift og plassering av knusevertk på gnr. 6, bnr. 1 Vevletveit.

Ettersom delar av dei areala som dette gjeld er dyrkajord, trengs det løyve til dette tiltaket etter paragraf 54 i jordlova. Det er opplyst at arbeidet vil gå over eit tidsrom av 8-9 år.

Landbrukskontoret har i brev av 19.01.89 gjeve slike opplysningar om areala og arbeidet som skal gjerast:

"Felt merka 1 er dyrka jord, som delvis er grunnledt. På dette feltet skal det sprengast bort ein fjellrygg som går langsetter stykket. Her skal det fyllast på eindel jord. Ferdig vert dette eit godt felt, ca. 16 da, med fall mot vatnet.

Felt 2. Fylldyrka myr, ligg lavt i forhold til Borgavatnet, men bra fast. Denne delen skal ikkje rørast i første omgang. Ca 10 da.

Felt 3. I dag ein skogkledd bergkulle. Når den er bortsprengd skal det fyllast jord over. Ca 3 da.

Felt 4. Blaut myr, delvis overflatedyrka. Myrjorda skal gravast opp. Fyllinga skal ta til inne ved vegen. Store blokker som ikkje går i knusaren skal fyllast i denne myra, og jord planerast over til slutt.

Felt 5. I dag er dette ein del av beite. Her er det steinknusaren skal stå. Det er godt med jord i denne hola. Den skal takast vare på for å ha til påfylling etter kvart som dei ymse områda vert ferdigplanert.

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
Møte	Sak	Møte 1.3.89	Sak
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak

Felt 6. Dette er eit kupert beite, ca 30-35 m høgdeforskjell. Når område nord for vegen er ferdigutsprengd, skal dei ta til på dette området og planera seg innover i haugen, ca. 1 m under noverande vegbane. Heile området felt 5 og 6 er på ca. 60 da.

Felt 7. Dette er eit grunnlendt beiteområde som delvis skal nedprengast og fyllast jord over. Feltet her er på ca. 27 da.

Alle dei områda som skal utprengast skal etter planen fyllast jord over slik at det skal vera klart til såing."

Landbrukskontoret tilrådde 14.12.88. mellombels omdisponering på vilkår av at det ikkje vert ført bort jord frå eigedomen, og på vilkår av at landbrukskontoret skal godkjenne dei ulike områda når dei er ferdige til såing.

Dei omsøkte areala er tildels grunnlendte og kuperte. Utsprengning med derpå følgjande tilbakeføring av areala til landbruk kan derfor, dersom etterarbeidet vert forsvarleg utført, gjere eigedomen betre eigna til landbruksdrift. Fylkeslandbrukssjefen kan derfor rå til at midlertidig omdisponeringsløyve vert gjeve på desse vilkåra:

1. Det skal ikkje førast bort jord frå eigedomen.
2. Matjordlaget på dyrkajorda skal takast av og lagrast for seg på ein slik måte at jordsvinn på grunn av erosjon ikkje førekjem. Matjorda skal leggest attende som topplag der det før inngrepet var dyrkajord.
3. Framdrifta i arbeidet må gå føre seg etter framdriftsplanen, slik at arbeidet til einkvar tid er avgrensa til mindre delar av eigedomen. Kvar eiskild del skal førast attende til landbruk etter kvart som steinuttaket for delen er avslutta.
4. For dei areala der det skal gjerast inngrep, skal det samtidig med at inngrepa tar til, setjast av kr. 4 pr. kvadratmeter på sperra konto i bank som sikkerheit for at areala vert ført attende til landbruk. Kontoen kan berre disponerast av heradsagronomen. Pengane på kontoen skal ikkje utbetalast før eigedomen igjen er ført attende til landbruk.

Heradsagronomen i Osterøy har ansvaret for godkjenning av areal som er ført attende til landbruk, og ansvaret for at retningslinene i punkta 1-4 vert følgde.

Framlegg til vedtak:

Fylkeslandbruksstyret syner til fylkeslandbrukssjefen si fråsegn og seier seg samd i den. Fylkeslandbruksstyret godkjenner

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
Møte	Sak	Møte 1. 3. 89	Sak
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak

midlertidig omdisponering av delar av gnr. 6 bnr. 1 i Osterøy kommune som omsøkt på vilkår av at punkta 1-4 i frÅsegna vert følgde.

Vedtak:

Fylkeslandbruksstyret sluttar seg samrøystes til fylkeslandbruks-sjefen sitt framlegg til uttale.

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

